



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes digitaliseringsorganisasjon
Postboks 8122 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3095-35

Dato
13. februar 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 2 2025 – DIO – Nye oppgaver for DIO i STI

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev 2025 – Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO), datert 3. januar 2025, og seinare supplerande tildelingsbrev. DFD viser også til den pågåande dialogen mellom departementet og DIO, om forventningar, behov og finansiering av nye oppgaver for DIO i STI.

DFD overtek STI-anlegget frå Forsvarsbygg 1. september 2025. På bakgrunn av dette er det behov for å få på plass eit driftsmiljø i DIO med to dedikerte ressursar med ansvar for å drifte matrisa i STI. Matrisa vil dekke IKT-behov i STI, og dessutan dedikerte møterom i nytt regjeringskvartal.

Ressursane som skal drifta matrisa må gjennomføre kompetansebygging og testing saman med leverandør før overtaking. DFD STI er derfor avhengig av at DIO får på plass ressursane så raskt som mogleg, og seinast innan april 2025. DIO må halde DFD STI laupande orientert om status i dette arbeidet.

DFD gir DIO fullmakt til å belaste DFDs kap. 1500, post 21 med inntil 3 mill. kroner i 2025. Dette skal gå til å dekke DIO sine utgifter til rekruttering av spisskompetanse, kurs og opplæring, lisensar og lønn for dei nye ressursane som skal drifta matrisa i 2025.

DFD ber om at DIO sender oversikt til departementet over utførte utbetalingar per tertial og for heile året i samband med rapportering til statsrekneskapen (Statsrekneskapen 2025).

Med helsing

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdelinga for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

Per Eigil Schwab (e.f.)
avdelingsdirektør

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Riksrevisjonen